

Sesongen 2015 jenter-13/14.



På lagbildet oppe frå venstre: Ragnhild Fossen Bolstad, Anna Stundal Skjerping, Trine Trulssen, Mathilde Grøtnebø, Anna Hjellum, Hanne Helland.

Nede fra venstre: Line Evjestad Bale, Kamilla Holmen, Hanna Simonsen Ljøsne, Marthe Njåstad Nordanger, Emilie Helland. *(Jannicke Bjørkum Stølen var ikkje med på bildet).*

Sesongen 2015 starta me treningane 15. januar med innetreningar i gymsalen på Ljøsne. Helga 7. - 8. feb. deltok me på KM innandørs kvalifisering i Øvre Årdal. Der kom me på 4. plass i pulja vår og kvalifiserte oss dessverre ikkje til sluttspilet.

Treningane ute på kunstgraset starta i midten av mars. Helga 11-12. april var me med på turneringa jentefotballens helg som er ein fin generalprøve. Jentene hevda seg bra og vann 3 kampar og spela 1 uavgjort. Fyrste seriekamp spelte me

heime mot Hafslo 22. april. Me fortsatte med kampar kvar torsdag (enkelte fredagar) og trening på tirs dagar.

Lærdal jenter 13/14 7ar vart seriemeistrar sesongen 2015!

I serien spela me i 7-ar serie mot Hafslo, Syril, Vik, Bjørn, Aurland, og Årdalstangen. I alt har me spelt 12 kampar der den siste var 23. oktober. Jentene hevda seg kjempebra og vann 9 og spelte 1 uavgjort og tapte kun 2 kampar, noko som me er veldig godt fornøgde med. Me vann serien med 28 poeng, 1 poeng meir enn Bjørn og Aurland på andre og tredje plass.

I tillegg til serien var me også i år med på Briskebyturneringen på Hamar som var helga 13-14. juni. Der budde me på Tonheim Folkehøgskule i lag med smågutelaget og lillegutlaget. Kjell Inge Sanden og Knut Ljøsne var med som leiarar og gjorde ein kjempeinnsats. Jentene spelte bra og kom til kvartfinalen. Der tapte me mot eit bra Drøbak/Frogn.

Lærdalsturneringa som i år var 3-4. september stilte me i år med to lag i samarbeid med Aurland der me lånte 4 spelarar. Lærdal 1 vann og Lærdal 2 kom på andreplass. Kjempeinnsats under heile turneringa av spelarane og foreldra!

Nytt i år var Futsaltturneringar innandørs. Der deltok me i Balestrand 22. nov. og i Øvre Årdal 20. desember. I Balestrand fekk jentene god trening i denne nye speleforma, noko som resulterte i gode resultat i Årdal 4 veker seinare, der me kom på tredjeplass av 7 lag.

Treningane ute holdt me gåande fram til siste seriekamp. 2. november begynte me med innetreningar.

Vil og nevna at me i år har hatt Mathilde og Ragnhild på akademilag J 14 Sogn der dei har delteke på samlingar og kampar. I tillegg vart Emilie og Hanna teken ut på sonelag J 13 Sogn der dei har delteke på samlingar og kampar gjennom heile sesongen.

Me vil til slutt takka alle jentene og foreldra for ein fantastisk innsats på kampar, treningar og dugnadar gjennom heile sesongen.

Mvh. Dag Arne og Ole Petter